Fellesnemnd for Eid og Selje

Arkiv:	FA-C55
JournalpostID:	19/12125
Saksbehandlar:	Gerd Fløde Bjørlo, Stad2020
Vedtaksdato:	28.08.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
077/19	Fellesnemnd for Eid og Selje	05.09.2019

Selje som pilegrimssenter langs Kystpilegrimsleia

Bakgrunn for saka:
I november 2012 vart det vedteke ein overordna strategi for pilegrimsatsinga i Noreg. Ei rekke departementsområde stilte seg bak.
Dei overordna måla for strategien er:
«Pilegrimsleden skal gi mulighet for vandring gjennom et landskap som er rikt på natur-, kulturarv- og kulturopplevelser. Den skal tas vare på som en viktig del av den europeiske kulturarven og gi et unikt møte med norsk natur, kulturminner, kultur, tro og mennesker. Strategien skal bidra til verdiskaping og positiv utvikling langs leden gjennom økt bruk av den.»

Det vart vidare lagt til grunn at pilegrimsatsinga skal innrettast slik at den bidreg til å oppfylle sentrale målsetjingar på samfunnsområda miljø, næring, kyrkje og kultur.

I 2017 fekk Nasjonalt pilegrimssenter (NPS) oppdrag *«med utgangspunkt i strategidokumentet frå 2012 å utarbeide ein langtidsplan for pilegrimssatsingen i perioden 2017-2037»*
Kystpilegrimsleia blei godkjent som St. Olavsvei til Trondheim i 2018. Ein føresetnad for godkjenninga var at det blei utvikla og etablert ein driftsmodell som skal ha operativt ansvar for leia som samarbeidspart med NPS, når prosjektperioda er ute 31.12.2019. NPS har, med bakgrunn i arbeidet med å bygge opp tilbudet og drifta av Gudbrandsdalsleden, gjort framlegg om ein modell med fire regionale senter langs kysten. Desse sentra skal dekke definerte geografiske regionar som til saman dekkjer heile strekninga frå Egersund til Trondheim.

Langtidsplanen vart sendt på høyring i mars 2019.

Fellesnemnda for Eid og Selje og Selje kommune har i møte den 25.04.2019, gitt felles uttale til langtidsplanen, jf. vedlagde møtebok og uttalen frå Stad2020/Selje kommune.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handsama saka i møte den 8.mai 2019, og gjorde slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane er positive til at Kystpilegrimsleia vert del av den statlege pilegrimssatsinga og representert med regionale senter.
2. Fylkeskommunen vil ta stilling til drift og finansiering av regionale senter langs Kystpilegrimsleia når forslag til lokalisering og modell for ivaretaking av den heilskaplege pilegrimsreisa langs kysten ligg føre.

Fylkesutvalet meiner at det er kyrkjefaglege og kulturhistoriske vurderingar som må ligge

til grunn for lokalisering av eit regionalt senter og har forventningar til at det vert lokalisert eit regionalt senter til Sogn og Fjordane
Før det vert peika ut eit senter i Sogn og Fjordane må den pågåande prosessen fullførast. Det må vere gjennomført møte med vertskommunane for nøkkelstadane for å få kartlagt korleis dei vil kunne fylle rolla som vertskommune.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Fellesnemnda sluttar seg til intensjonen som ligg i konseptskissa for etablering av kunnskapssenter og pilegrimstun ved den heilage øya Selja. I dette ligg det å prioritere vidare arbeidet med å etablere Selje som eit regionalt pilegrimssenter, etablering av Selja pilegrimsstove/Selja pilegrimstun og etablering av eit moderne kunnskapssenter for kristninga, kloster og pilegrim i Selje.

Vedlegg i saka:

28.08.2019	Kystpilegrimsleia - Selja som regionalt pilegrimssenter - Uttale Stad2020 og Selje kommune	1433793
28.08.2019	Kystpilegrimsleia - Selja som regionalt pilegrimssenter - Uttale	1433794
29.08.2019	Kjelda_digital	1433927

Fellesnemnd for Eid og Selje 05.09.2019:

Handsaming:

FEN- 077/19 Vedtak:
Fellesnemnda sluttar seg til intensjonen som ligg i konseptskissa for etablering av kunnskapssenter og pilegrimstun ved den heilage øya Selja. I dette ligg det å prioritere vidare arbeidet med å etablere Selje som eit regionalt pilegrimssenter, etablering av Selja pilegrimsstove/Selja pilegrimstun og etablering av eit moderne kunnskapssenter for kristninga, kloster og pilegrim i Selje.

Saksopplysningar:
Stad2020 og Selje kommune har gjennom arbeidet med fleire strategiske planar, lagt inn Selje som pilegrimsstad som eit av satsingsområda.

Kommunedelplan for kulturarven i Selje: Kommunedelplanen vart lagt ut til offentleg ettersyn i mai 2019, og skal opp som sak i neste kommunestyremøte i Selje.
Selja kloster og anlegg kring dette, er med som eit av dei utvalde kulturminna i planen med slike prioriterte tiltak:

- Etablere eit samla prosjekt for kloster, pilegrim og kunstnarsenter med felles lokalisering
- Legge til rette for mogleg etablering av regionalt kystpilegrimssenter i Selje
- Bidra til å utvikle kulturreise i kommunen – frå Viking til Pilegrim
- Greie ut Prestegarden si rolle i utviklinga av Selje som framtidig pilegrimsstad, lokaliter for Selja kloster, formidling av Selja si kulturhistorie og formidling av reisemål i kommunen

Strategi for reiseliv i Stad kommune: Kommunen har saman med reiselivsnæringa utvikla mål og strategiar for reiselivsnæringa fram mot år 2030. Strategien er utforma på bestilling frå

fellesnemnda i nye Stad kommune, og skal nyttast som eit styringsverktøy i arbeidet med samfunnsplanlegginga.
Strategien skal setje retning for samarbeid med reiselivsnæringa og destinasjonsapparatet, og skal skal inspirere til nysatsing, produktutvikling og samarbeid i reiselivsnæringa.
Strategien legg til grunn at *«Reisemålet skal utviklast under merkevara «Alt i ein fjord» med ei spissing mot kultur, aktiv turisme, barnefamilie og cruise-/fjordaktivitet».*
Produkt under kulturturisten er m.a. Kulturopplevingar med utspring i viking-, kongs- og pilegrimshistorie.

Selja som reisemål: Sogn og Fjordane fylkeskommune har i regi av PWC i 2019 gjennomført forprosjektet Selja som reisemål og fyrtårn innan turisme i Nordfjord 2030. Satsinga går no over i ein ny hovudprosjektperiode, med ei breitt samansett styringsgruppe.
Eit nasjonalt pilegrimssenter inngår som ein del av framtidsvisjonen i skissa for prosjektet.

Kommunestyret i Selje har i møte den 20.06.19 bedt rådmannen gjere nødvendig førebuande arbeid til å fremje ei sak om organisering og oppstart av kloster- og pilegrimssenter i Selje i løpet av hausten 2019. På bakgrunn av dette, har kommunen fått utarbeidd ei konseptskisse for korleis ein på kort og lang sikt tenkjer å ivareta Selje si rolle som pilegrimstad og Selja som nøkkelstad langs Kystpilegrimsleia.

Konseptskissa er utarbeidd av det nystarta designbyrået i Selje, Blåmyra, med dei føringane som er gitt i dei overordna styringsdokumenta og dei verdiane som ligg i Selja kloster som heilagmål.

Konseptskissa syner korleis ein på kort og lang sikt tenkjer seg å ivareta Selja som nøkkelstad på kystpilegrimsleia, med etablering av Selja pilegrimsstove no i løpet av 2019/2020, og på sikt Selja pilegrimstun på Selje prestegard. Konseptskissa syner også til korleis ein kan utvikle eit moderne kunnskapssenter plassert i Selje sentrum, som gjennom engasjerande formidling og arkitektur vekkjer interesse for historia om den heila øya Selja.

Vurdering:

Konseptskissa som ligg vedlagt, viser kor viktig øya Selja er som heilagmål, og kva den har betydd for kristninga av landet. Selja er nøkkelstad på den nye Olavsleden frå Stavanger til Trondheim, og Selje skal i denne rolla legge til rette for pilegrimar på si reise langs leia. Dette arbeidet held vi på med no i samarbeid med riksantikvaren sin mann for arbeidet på klosteret, Bjørn Jensen, og fleire. Her blir Selja pilegrimsstove etablert knytt opp til Turistinformasjonen i kommunehuset.

På kort sikt vil ein arbeide for å få etablert eit Selja pilegrimstun/pilegrimsgard knytt til den freda prestegarden i Selje. Dette vil vere ein attraksjon i seg sjølv, utover å gje ei teneste til vandrande langs leia.

Eit forprosjekt for etablering av eit kunnskapssenter slik det går fram av konseptskissa, vil gje oss nødvendige føringar korleis nå dette målet. Eit slikt kloster- og pilegrimssenter må etablerast av fleire interessentar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune skal også i løpet av kort tid ta stilling til kvar dei meiner eit

regionalt pilegrimsenter i Sogn og Fjordane skal ligge. Det er derfor viktig at vi no syner at vi vil ta denne rolla og at vi kan gjere det på ein særleg god måte. Alt ligg til rette for at vi kan utvikle Selje som ein attraktiv nøkkelstad på kystpilegrimsleia. Her ligg mykje godt grunnlagsmateriale i alt arbeidet som har vore gjort for Selja, og no gjeld det å sy dette saman til eit heilskapleg pilegrimssenter.

Saman med Sagastad på Nordfjordeid, vil eit kunnskapssenter som her skissert, utgjere ei reise frå Viking til Pilegrim, og vere eit reisemål som vil kunne trekkje til seg reisande langt utover landegrensene.

Økonomiske konsekvensar:

Økonomien i prosjektet må klargjerast gjennom eit forprosjekt der det blir arbeidd vidare med planane som ligg i konseptskissa.